

Møtereferat

Dato: 17.02.2015

Emne:	AU for Kontaktutval Hordfast - Referat 17. februar	
Til stades:	Tom-Christer Nilsen, fylkesordførar (møteleiar) Liv Kari Eskeland, Ordførar Stord Kjetil Hestad, Ordførar Tysnes Gustav Bahus, Leiar av samferdselsutvalet Tom Knudsen, NHO Elise Dåvøy (for Roger Pilskog), LO Signe Eikenes, SVV (gikk etter sak 3) Tord Bakke, Sweco (gikk etter sak 3) Helge Sandvik, SVV (gikk etter sak 3) Kristian Bauge, SVV (gikk etter sak 3) Håkon Rasmussen, HFK Thorbjørn Aarethun, HFK Beate Bergsholm Lindgård, HFK Matti Torgersen, HFK (referent)	
Forfall:	Henning Warloe, Byråd Bergen kommune Wenche Tislevoll, Ordførar Fitjar kommune Terje Søviknes, Ordførar Os kommune Steinung Valle Opposisjonsleiar i fylkestinget (observatør) Lars Sponheim, fylkesmann (observatør) Magne Rommetveit, Transportkomiteen Stortinget (observatør) Torill Eidsheim Transportkomiteen Stortinget (observatør)	Sak: 2014/15115-39
Møtetid:	10.00-12.00	Møtestad: Fylkesutvalsalen, HFK

1. Orientering om status for planarbeidet for E39 v/ Signe Eikenes, SSV

Signe Eikenes orienterte om status for arbeidet med planprogram for E39 Stord-Os. Det pågår no ei siling av alternativ og kombinasjonar. Det er lagt opp til at anslag for kostnadsutrekning utanom brukryssingane skal liggje føre 9.-10.mars. Kostnadstal for brukryssingane skal liggje føre i september. Utkast til planprogram skal leggjast fram for planforum 24 mars. Det vert lagt opp til møte i referansegruppa for E39 Stord-Os 9. april. Det er ei målsetting å sende planprogram til Kommunal- og moderniseringdepartementet til påske. Departementet skal sjå på utkastet før det vert sendt til høyring.

Under drøftinga gikk det fram at dei ulike alternative traseane vil ha mindre effekt når det gjeld reisetid. Behovet for påkobling til E39 frå Tysnes vart påpeikt.

2. Moglegheitsstudiet for fylkesvegar knytte til E39 – Status for arbeidet v/ Tord Bakke, Sweco

Tord Bakke orienterte om status og framdrift for arbeidet med moglegheitsstudie. Det har vore arbeid med behovsanalyse og referansealternativ for arbeidet, og det har vore gjort arbeid med ulike scenarier for befolkningsutvikling. Dei er i gang med ein alternativanalyse for veg og utbygging, og skal vurdere moglege trasear med tekniske løysingar, trafikkale effektar, utbyggingskostnader og konfliktvurdering på eit overordna nivå. Vidare skal dei vurdere overordna kollektivnett i området.

Utkast til rapport skal liggje føre til 15 april, og endeleg rapport ferdig til 1 mai. Arbeidet er i rute i forhold til framdriftsplanen.

3. Finansieringsopplegg for E39 – Status for arbeidet v/ Helge Sandvik, SSV

Helge Sandvik orienterte om prinsipielle vurderingar knytt til finansieringsopplegg/bompengesøknad.

Finansieringsopplegget er primært knytt til bompengar, statlege tilskot og innsparte ferjesubsidiar. Pr i dag har det vore vanleg praksis at kvart prosjekt vert vurdert for seg sjølv, og at taksten blir tilpassa slik at det sørger for fullfinansiering av prosjektet. Dette gir ulik bompengebelastning mellom ordningane. SVV ser no på moglegheita for ein felles modell for fastsetjing av takstar. Mulege modellar kan vere

- Bompengesats per km / eventuelt meter.
- Bompengesats per km + innsparing i km / meter
- Ferjetakst + 40 %

Det kan vidare vere vurdert ulike maksreglar og rabattordningar.

Det er ikkje teke stilling til om fylkesvegferjene Våge- Halhjem og Hodnanes-Jektevik skal inngå i finansieringsgrunnlaget for ny E39.

Under drøftinga gikk det fram at rettferd bør vere eit sentralt prinsipp. Det går på at det skal vere lik kostnad i heile landet for bompengar. Vidare at alle som har vinst av prosjektet direkte eller indirekte er med på å dele byrdene. Kontaktutvalet ønskjer at følgjande prinsipp vert lagt til grunn:

- Ønskjer at bompengesats skal bli utforma etter ein sats pr km, uavhengig av om det er ferjeavløysing eller ikkje.
- Det skal vere ei finansiering avhengig av kor langt ein køyrar på vegen. Dette krev fleire bomsnitt langssetter vegen. Dette er prinsipp som ligg i dag ved E18 gjennom Vestfold og E6 Oslo-Hamar.
- Det bør vere ein maksimal bompengesats for lange strekningar.
- Det bør vere timesregler i tettbyde strok som Os og Stord.
- Det bør vere ein maksregel for bompengeinnbetaling pr månad.

SVV arbeider vidare med ein skisse til eit finansieringsopplegg ut i frå desse prinsippa fram mot neste møte i kontaktutvalet 16. april.

4. Status for arbeidet med kommunikasjon og informasjon/nettside for kontaktutvalet

Beate Bergsholm Lindegård, HFK, gikk igjennom arbeidet med kommunikasjon og informasjon/nettside.

Nettside for Hordfast er nesten klar for publisering, innhald er utarbeida, men skal kvalitetssikrast. Det vil bli lagt ut ein powerpoint presentasjon som kan nyttast av alle. Det ligg føre ein justert logo.

Det vert arbeidd med samordning av bodskap. Det vil vere naturleg at det vert lagt fram ein kronikk i samband med at planprogram for E39 vert lagt fram for høyring.

Vindaugeprofiling med klokke for nedteiling av dagar for igangsetjing av Hordfast er straks klar for montering i fylkesbygget 1 etasje.

5. Milepelar i NTP-arbeidet

Viktige milepelar frametter våren er:

- Lansering av nettside for Hordfast.
- Det vert eit regionalt møte med NTP-sekretariatet der fylkesordførar deltek.
- Framlegging av planprogram for E39 Stord-Os. Det blir arbeidd med felles plattform for bodskap.
- Kommuneøkonomiproposisjonen og revidert nasjonalbudsjett blir lagt fram i mai, der m.a. vi forventar at ordning med ferjeavløysingsmidlar for fylkesvegferjer vert vurderte.
- Hordfastkonferanse 4. juni

6. Eventuelt

Det er ikkje teke stilling til om vidareføring av arbeidet etter vedteke plan på kommunedelplannivå skal skje som statleg regleringsplan. For å sikre framdrift i prosjektet, skal kontaktutvalet arbeide for at det vert

statleg reguleringsplan, og skal jobbe for å få ein avklaring av dette. Om det ikkje blir statleg reguleringsplan, kan vidareføring av arbeidet skje gjennom regional planbestemming.

Sekretariatet legg fram til neste møte i kontaktutvalet ei skisse til arbeidsdeling mellom kontaktutvalet og AU.

Neste møte i kontaktutvalet er fastsett til 16. april.